

OM SILDEFISKET FØR OG NO.

Menneska i Noreg busette seg oppetter kysten etter siste istid. Dei første spora etter menneske er ca. 10 500 år gamle. Menneska ferdast på sjøen frå første stund av, og det var frå havet mykje av maten kom. Dei tidlegaste båtane var flåtar og uthola trestammar, seinare kom båtar av treribber kledd med skinn av sel og hjort i bruk. Med tida lærte folk seg å byggje båtar av treplankar, og tok i bruk robåtar eller større båtar som til dømes vikingskip.

Folk har fiska sild langt tilbake i tid. Egil Skallagrimson fiska sild med not i området utanfor Florø allereie på 800-talet. Sia har det vore fiska mykje sild, og det rike sildefisket ved Kinn og Batalden er truleg også noko av grunnen til at Kinna-kyrkja vart bygd. På 1800-talet (frå 1807 til 1872) var det eit svært rikt sildefiske, og fiskarar og bønder kom seglande til frå nær og fjern for å ta del i det rike fisket. På nokre veker ute i øyane kunne ein vanleg gardsgut tene meir pengar enn på eit heilt år med gardsarbeide. Derfor kom det tusenvis av folk til fisket kvart år, og på dei beste åra etter 1850 var det meir enn 20 000 folk samla ute i øyane Kinn, Reksta, Skorpa, Nærøyane og Batalden.

Fisket gjekk føre seg i januar og februar, og det var ikkje nok hus i øyane til å huse alle desse folka. Nokre hadde eige fiskarhus, dei fleste leigde seg husrom, mens andre drog båtane på land og sov under dei om natta. Det var eit hardt liv, og til vanleg var det berre mannfolk i sin beste alder som var med på dette fisket. Silda vart fanga anten med not eller garn. Fiskarane nytta opne robåtar, slike som står utstille i båthallen ved Kystmuseet.

Silda vart levert til oppkjøparar som hadde store salteri i øyane. Der jobba det masse jenter, som kverka eller gana silda, dvs. kutta strupen på ho slik at saltet skulle få trekke betre inn. Silda vart så salta på i tønner, og mesteparten ført til Bergen med seglbåtar. Bøndene og fiskarane tok også med seg noko sild heim, til bruk som mat gjennom året.

Etter 1872 forsvann silda frå Florø-området, eller Kinn prestegjeld som det heitte før. Sia kom silda berre attende med ujamne mellomrom i dei neste 75 åra. I 1947 starta ei ny gullalder for sildefisket. I dei neste 10 åra vart det fiska utruleg store mengder sild i områda mellom Florø og Måløy. Det vart fiska så mykje sild at når det var søndag og mange av fiskebåtane låg ved kai i Florø, så var heile hamna full av båtar. Dette var store fiskebåtar med lugarar til mannskapet og store lasterom til silda.

No vart silda fiska med store snurpenøter eller landnot. Snurpenøtene var store og moderne, og gav svært gode fangstar. Mykje av silda gjekk til produksjon av sildeolje, og det var to store sildeoljefabrikkar i Florø. Den eine var i Gunhildvågen, og den andre ved Kanalen, der symjehallen ligg no. Det var fel lukt frå desse fabrikkane, men folk tok ikkje det så ille opp – det lukta jo PENGAR.

Det vart fiska så mykje sild i desse 10 åra, at ingen tenkte på at havet kanskje kunne bli tømt for sild. Men i 1958 gjekk fisket drastisk ned, og det var ikkje mykje sild att langs kysten av Noreg. Mange fiskarar tok til med anna fiske, men utover på 1960-talet forsette framleis nokre med fiske etter den silda som var att. Med betre båtar og betre fangstutstyr var det ikkje lett for silda å gøyme seg, og i 1972 vart all silda på norskekysten fiska opp.

Langt nord i Barentshavet var det heldigvis litt sild igjen som kunne formere seg. Det vart forbode for fiskarane å fiske etter sild, og i løpet av dei neste 10 åra kom heldigvis silda sakte men sikkert tilbake langs kysten vår. Dei siste 20 åra har det vore jamleg sildefiske, men fisket har vorte strengt regulert. Det betyr at kvar båt har ein kvote, dvs. at dei berre får fiske ein viss mengde sild kvart år. Det er for å hindre at all silda vert fiska opp att. Det er forskarane som finn ut kor mykje sild ein bør fiske kvart år.

I dag tek bedrifta Pelagia i Kalvåg imot sild. Dei lagar ikkje sildeolje lenger, men silda vert anten frose heil eller filetert og frose. Mesteparten av silda vert eksportert, dvs. seld til andre land. For Noreg er fiske etter sild og andre fiskeslag viktig, og det gjev mange arbeidsplassar både på sjøen og på land. Nest etter olje og gass er det fisket som gjev Noreg dei største eksport-inntektene i dag.